


Samarbeidsavtale for

JÆRRÅDET IPR



Samarbeidsavtale for Jærrådet IPR

§ 1 Namn og samarbeidsmodell

Samarbeidet er organisert som eit interkommunalt politisk råd etter kommunelova sitt kapittel 18 og er ikkje eit eige rettssubjekt. Det fulle namnet på samarbeidet er Jærrådet interkommunalt politisk råd og forkortinga Jærrådet IPR kan nyttast.

§ 2 Deltakarar

Deltakarane i Jærrådet IPR er Gjesdal kommune, Time kommune, Klepp kommune og Hå kommune.

§ 3 Formål

Formålet til Jærrådet IPR er å vera ein arena for drøfting av felles interessepolitiske utfordringar og moglegheiter i Jærregionen, og å koordinera felles ressursinnsats i saker som gjeld fleire av deltakarkommunane. Rådet skal arbeida for å fremma regionen sine interesser overfor fylkeskommune, stat og sektormyndigheiter.

§ 4 Representantskap

Representantskapet er sett saman av tre representantar frå kvar deltakarkommune. Det skal i tillegg veljast tre personlege vararepresentant frå kvar.

Kommunestyra i deltakarkommunane vel medlemar og varamedlemar til representantskapet for fire år om gongen. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Desse verva skal gå på omgang mellom deltakarkommunane med to års intervall.

§ 5 Kontorkommune

Kommunen til den som innehar leiarvervet for representantskapet, har sekretariatsansvaret for Jærrådet IPR i same periode som denne har leiarvervet.

Sekretariatsansvar inneber å utarbeida og publisera møteplan, sakslister, saksutgreiingar, møteprotokollar og ansvar for arkiv. Time kommune har ansvaret for å halde arkivet samla etter lova. Den kommunen som har sekretariatsansvaret har òg ansvaret for å føra prosjektbudsjett og -rekneskap for rådet i tråd med kommunelova.

Ansvaret for å utgreia sakene til Jærrådet IPR vert fordelt mellom kommunane etter avtale mellom kommunedirektøren i kontorkommunen og dei andre kommunedirektørane ut frå kriteria som til dømes kapasitet og fagkompetanse.

§ 6 Møter og saker

Representantskapet avgjer sjølv kor mange møter som skal haldast årleg og kva saker som skal settast på dagsorden, jamfør føremålet i § 3. Det vert lagt til grunn eit minimum av tre møter.

Representantskapet skal i starten av kvar valperiode utarbeida ein strategi for valperioden om kva fokus rådet skal ha og om det er områder ein skal arbeida med særskilt i fireårsperioden. I slutten av kvar valperiode skal rådet gjennomføra ein evaluering av arbeidet dei siste fire åra. Begge sakene skal leggjast fram for kommunestyra i deltakarkommunane.

Møta skal som hovudregel vera fysiske møter og gå på rundgang mellom deltakarkommunane. Det kan ved behov avhaldas digitale møter.

Krava i lova om møte- og dokumentoffentlegheit samt at representantskapet er vedtaksdyktig, gjeld i alle høve.

For avgjersler med vedtak i representantskapet gjeld kommunelova sine reglar, inkludert leiar si dobbeltstemme.

§ 7 Mynde

Jærrådet IPR er ikkje tildelt mynde til å avgjera andre saker enn det som gjeld rådet sin eigen verksemd og det som er regulert av denne avtalen. Andre vedtak må forankrast i kvar einskilde kommunane. Jærrådet IPR kan ikkje ta på seg økonomiske forpliktingar eller på anna måte forplikta kommunane økonomisk.

§ 8 Eigar- og ansvarsdel inkl. økonomi

Deltakarane har lik eigardel og ansvar i Jærrådet IPR, altså 1/4 kvar.

Det er ikkje krav om innskot av driftskapital frå deltakarkommunane ved etablering.

Arbeidet i Jærrådet IPR er bygd på dugnadsprinsippet. Det er derfor ikkje krav om noko årleg driftstilskot frå deltakarkommunane til arbeidet. I dei høve det gjeld for ei konkret oppgåve som må løysast med hjelp frå eksterne mot betaling, vert det avtalt særskild.

§ 9 Tre ut av rådet

Den einskilde kommune kan tre ut av Jærrådet IPR med eit års varsel, frå dato til dato. Hovudregel er at ein trer ut frå rådet per 31. desember.

§ 10 Oppløysing av Jærrådet IPR

Jærrådet IPR skal løysast opp dersom færre enn tre kommunar er deltakar i samarbeidet. Endeleg vedtaking om oppløysing må skje i deltakarkommunane sine kommunestyre. Ved oppløysing har Time kommune framleis ansvar for at arkivet til Jærrådet IPR vert avlevert samla til Interkommunalt arkiv. Kostnadane for dette vert fordelt på kommunane som er ein del av rådet på oppløysingstidpunktet, i eventuell eiga avtale.

§ 11 Endringar i avtalen

Representantskapet kan vedta endringar i denne avtalen. Vedtaket må være einstemmig. Endringar som gjeld forhold nemnt i kommunelova § 18-4 fjerde ledd må godkjennast av alle kommunestyra.

Samarbeidsavtale for Jærrådet IPR er vedtatt av:



Gjesdal kommunestyre den 17.02.2025



Time kommunestyre den 19.02.2025



Klepp kommunestyre den 17.02.2025



Hå kommunestyre den 13.02.2025